

Ned Landbrugs- og Industrimæstillingen i
Egersund

den 21^{de} og 22^{de} Septbr. 1888

har vedkommende Præsident tilhændt

Hr. Andreas H. Lariksund af Tøme
1^{re} Præmie

for under Afdeling III, Katalog No. 86-358 udstillet
Enhed af Landbruksmaskiner,

hvilket det er Landbruksholdningselskabets Bestyrelse
en fornøie herved at bevidne.

Gaa Bestyrelsens Vgne

Fra Minde af Mosquitos.

Forsamling

J. Grude.
Sekretær.

DRIVKREFTENE BAK OPPBYGGINGA AV JÆRINDUSTRIEN

SIGVE ERLAND

På Norrøna-konferansen i Sandnes i 1990 heldt administrerande direktør Sigve Erland ved Serigstad A/S eit føredrag om drivkrefte bak oppbygginga av Jær-industrien. Her spurde han kvifor Jæren har hatt så gode vokstervilkår for landbruksmaskinindustrien og annan pionerindustri. Han peika m.a. på at karakteristiske trekk ved det sosiale miljøet og kulturen på Jæren var viktige for at denne industrietableringa og gründerane bak den skulle lukkast.

Jærmuseet har fått lov å trykkja føredraget som artikkel i årboka.

Kort historisk overblikk

Jærbuen dreiv i fleire hundre år jordbruk ut frå sjølbergingsprinsippet. I dette karrige landskapet var det ein armodsleg levemåte, då jorda var skral. Naturen var heller ikkje utrusta med rikdommar. Små mineralførekomstar, ingen skog og vanskeleg natur for å kunne utnytta havet. Men veret var passande for jordbruk, med mildt klima året rundt, og uår var det mest aldri. Naturen kunne derimot visa si ublidle side her ute i det opne lende, og spesielt var strandgardane utsette. Vinden kunne piska, og sandflog var eit stort problem før marehalmen blei importert frå Danmark. (Torger Nærland).

Makta sat embetsmenn og velståande handelsmenn i byane med, og lover blei utstedte i København. Krigar førte til at ein trong pengar i statskassa, og salg av gardar blei gjort slik at det i 1720-åra vart ein del sjøleigarar. Men det var vanskelege tider og bondesøner prøvde å koma seg or landet.

1780-åra var helst som ei «jobbetid», og i 1770-åra starta dei første spirene til industri. Lauritz Smith

Petersen på Sandnes fekk i 10 år einerett til å produsera teglstein og takpanner for heile Vestlandet.

Den store forskjellen mellom fattig og rik ser ein i eit eksempel. Kammerråd Peder Valentinsen kjøpte i 1740 Bispeladegården og i 1746 kjøpte han 56 gardar frå Halsnøy Kloster.

Jacob Kielland, frå bonde- og kjøpmannsætt i Sokndal, etablerte seg i 1751 i Stavanger. Dei nærmast kappast om å utnytta oppgangstida; det var tiltaksrike folk, og det var gode tider pga. fred i Europa.

Men ute på Jæren var alt annleis. Futane tok sitt og vel så det, og eit rim seier følgjande: «Møge du inkje ågeren, så verte han tunne, smøre du inkje fuden, så verta han vonde».

I byrjinga av 1800 talet var Stavanger Landholdningsselskap i gang med premiering for dyrking, uttapping av myr, vatning og gjødsling. Me skal tenkja på at i 1835 var kun 4 % av arealet på Jæren jordbruksland, resten var nakne heiari, slik vår store åndshøvding Garborg skildra det i innleiinga til «Fred» (1892)



Gammal gard på Hodne.

Foto: A.B. Wilse, 1912. * Norsk Folkemuseum.

«Opp frå den låge sandstranda tøyer seg eit armt, grått land med lyngbrune bakkar og bleike myrar, oversådd med kampestein, trelaust og berrt, avstengd mot aust med ein lang, låg fjellgard. Endelaus synes den nakne hei.»

Det var mest bare dårlege umåla hus, og først i 1850-åra var det så mange kvitmåla jærhus med panner at det lyste litt opp i øydemarka. Folket som budde i dette lyng- og steinriket, kva eigenskaper hadde dei?

For igjen å sitera Garborg:

«Det er eit sterkt, tungt folk som grev seg gjennom livet med grubbling og slit, putlar med jorda og granskarskrifta, piner korn av auren og von av sine draumar, trur på skillingen og trøystar seg til Gud.»

Her var ikkje mange optimistar, men *nokre* nyitta grubblinga til konstruktive saker. Grubbling og slit skulle nå leggja grunnlaget for det me idag kjenner som jærindustrien. Jærbuen var nøysam og hadde skaparevne. *Men ei vekking av folket var nødvendig.*

Brotet med fortida, med den eldgamle naturalhus-haldninga, overgang frå ekstensiv til intensiv jordbruksdrift, til *produksjon* og *salg*, alt dette som danna grunnlaget for det moderne jordbruket, var i full utvikling. «*Nepekongen*» på Austråt, jordbrukskule-styrar J. A. Budde, cand. theol. bygde på kort tid opp eit mønsterbruk etter alle moderne prinsipp. Nepe-dyrking blei nødvendig, likeså kultivering av enga. Fôrproduksjon blei like viktig som korndyrking, og ei god ku var betre enn 3 därlege.

Kontraster mellom by- og landsbygda sitt miljø

Byane hadde eit sosialt mønster som var strengt inn-delt:

- Patrisiatet (eller storborgarskapet)
- Borgerskapet
- Proletariatet

Dette mønsteret var fjernt frå levesettet på Jæren. Byane bygde opp folk til ein «forbrukartilværelse» med mange kontaktmuligheter og større fridom. I heimbygda var det eit sosialt kontrollapparat, og arbeidsfolk såvel som bønder var ein einsarta flokk.

Jordskiftelova av 1821 og 1857 hadde også gitt anledning til oppbrot frå den gamle gardsfellesskapen. Dei nye brukta blei meir redskapstilpassa.

DEN INDUSTRIELLE REVOLUSJON NÅR JÆREN

Jærbuen hadde direkte kontakt med den store verda, og impulsane kom på fleire måtar, blant anna ved eigne reiser.

1. periode: Pionerane

I 1864 starta den eldste av jær-bedriftene, idag kjent



Heile huslyden på Serigstad fotograferte i 1904. Det var i søre enden av heimahuset at Andreas Serigstad begynte å laga landbruksmaskinar i 1864. Her står Andreas H. Serigstad (f.1844) lengst til venstre ved sida av ein eigenprodusert treskemaskin. Vidare bortover: Anne Margrethe, Lisa (Fotland), Jens, Andreas, Leiv og Halvard H. Serigstad.

Fotograf: Morrison. * Serigstad a/s.

under namnet *Serigstad a/s*. Andreas H. Serigstad hørde til ein syskenflokk på 12, og det var mange munnar å metta. Han byrja dette året ein liten verdstad på heimegarden, Serigstad i Time, der han lagte seg boremaskin og dreiebenk. Seinare blei det vasshjul for krafttilførsel og nye maskinar. På Serigstad bygde dei hakkelsmaskinar, treskemaskinar, rensemaskinar, halmristarar og landpumper. I 1914 flytta bedrifta til Bryne, og i 1915 starte Jens A. Serigstad jernstøyperi i tillegg til landbruks-maskinverksemda.

I 1879 tok *O. G. Kverneland* imot utfordringa i tida, og starta ljåfabrikk. Alt i 1872 deltok han i ei pløyetevling på Norheim med sjølvlagda plog, og fekk sølvmedalje. Etter denne bragda fekk han stipend og reiste til Danmark, Sverige og rundt i Norge.

Fjørhammaren bygde han sjølv etter teikningar frå Eskilstuna. Han hadde vore i Sverige for å utdanna seg til smed. Han hadde gått i lære hjå Budde og hadde derfor innsikt i jordbruksspørsmål. Han såg perspektiva og var mottakeleg for nye idear og forstod at den tekniske revolusjon måtte nå jordbruket. Han hadde ein viktig arv: Gjennom mange generasjoner hadde han fått sine tekniske evner og sitt gode håndlag frå Kverneland-smedane

Eit syskenbarn av *O. G. og Tønnes Kverneland*, yngstemann som overtok smia heime på Kvernelandsgarden, Martin Vagle starta i 1878 ein redskapsfabrikk på Bryne. Denne blei kjøpt av Hans Hauge i 1922 og er idag kjent som *Bryne Mek. Verksted*.

Ein ny smed, Ole Kyllingstad, starta i 1883 smia i

Kleppekrossen, som sidan fekk namnet Kyllingstad Plog og Maskinfabrikk a/s. Han hadde gått i lære hjå den kjente plogsmeden Torkild Raugstad på Sandnes, var av bondeætt frå Gjesdal og kjent med at det var bruk for nye jordbruksredskap.

Ole Nielsen, haugianar frå Stavanger, starta Aalgaards Uldvarefabrikk i 1870 med utgangspunkt i råvarer frå landbruket. Ein driftig og sterk personlegdom som hadde stor omsorg for sine ansatte. *Dette vart også den første større arbeidsplassen for kvinner*, og var derfor svært viktig. I 1883 fekk dei egen legeordning og i 1885 blei det bygd skule. Fru Malena og Ole hadde sjølv ansvaret for hushaldet, og fabrikkeigar og arbeidere åt same maten.

To søner av gardbruker Mikkel Ueland frå Varhaug starta i 1868 den første møbel- og trevarefabrikken på Sandnes. Dei tok namnet Mikkelsen då dei flytte.


Første meieriføretak starta med Vasshus Meieri i 1878 tett fulgt av Klepp Ysteri i 1879/80. Verksemder med utgangspunkt i jordbruksindustri og som skulle bli storindustri på Jæren.

Fleire handelsmøller for damping, skaling og pressing av havregryn blei tidleg internasjonale, og forsynte heile Norden med mest alt havregrynet som det var bruk for heilt fram til 1. verdenskrig.

Som ein kuriositet kan også nemnast at det i 1872 blei starta gruveselskap, og på 80 gardar var det boretårn for leiting etter brunkol. Likeeins leita dei etter sølv i Garborgåsen. «Jobbetid» og enorm optimisme herska, men dei fant ingenting.

Ein viktig lærdom som industripionerane stod for var at dei kunne påta seg økonomisk forpliktning før inntektene kom. Dette var stikk i strid med tidlegare god latin i jordbruksindustri. Då blei resultatet best om ein sparte mest mulig kostnader.

Altså: Ein heilt ny økonomisk tankegang.



To industrigründerar: Andreas Serigstad og Ole Gabriel Kverneland.

* Serigstad a/s.

Om ein skal søkje etter andre viktige fellesnemnarar, må ein slå fast at pionerane ikkje var belasta med særleg store teoretiske kunnskaper.

Dette var pionerar. Kraftige personlegdomar, pågangsmot og arbeidsvilje som aldri lot seg kue. *Samspelet mellom arv, miljø og personleg karakterstyrke var avgjerande.*

Kvífor er det på Jæren landbruksmaskinindustrien og annan pionerindustri har vakse fram, kvífor ikkje på Hedmarken, i Telemark eller i Kristiania?

Ein skulle tru at større industriverksemder som var starta i Kristianina, og velståande brukseigarar med gamle jernverk, skog, jord osv. skulle ha betre forutsetningar for å starta produksjon av jordbruksredskap? Dei storborgarlege miljøa hadde kapital, men *kapital var ikkje nøkkelen* i denne oppstartingen, sjølv om det blei nødvendig for jær-pionerane også då dei skulle tenkja industrielt.

Det var sett igang produksjon andre plasser enn på Jæren. Bærum-verk starta med plogar, Aadals Brug likeså. Dei hadde til og med vendeplog. Ein hadde Onsums Kværner Jernstøperi og Mek. Verksted, Eidsfoss laga store treskemaskiner og redskap, Nes Jernverk produserte hakk- og potetskjærmaskiner og ein hadde Mesna Brug på Lillehammer.

Men det var på Jæren det utvikla seg vidare. Her var *eigaren sjølv drivkrafa i smia og fabrikken*, og leia med myndig tone arbeidet. Byagravar importerte stor og dyr redskap tilpassa store bruk, og teknisk kunnige folk fekk impulsar.

Smeden vart viktigare i og med overgangen frå tre til jern i redskapen. Pionerane kopierte, forbetra og tilpassa utanlandske produkt til dei bruk og formål dei kjende så godt. I tillegg skapte dei nye produkt og produksjonsprosessar.

Drivkreftene som var i sving i pionértida

1. Stort behov for utstyr til jordbruksverket. Altså: Mar-
kedet. Intensiv jordbruksdrift var på veg inn.
2. Teknisk innsikt og smedens håndlag. Altså: *Spe-
sialistar*, men ikkje særlig belasta med teoretisk
kunnskap.
3. Ny økonomisk tenkjemåte, nemleg det å investera
for framtida.
4. Nøysemd pga. karrige levekår og det var *nedarva*
at ein skulle foredla bruket i si levetid.
5. Samhaldet og respekten, altså at menneska stod
nær kvarandre.
6. Dei var stolte, og hadde arbeidsvilje og tru på det
dei starta med. Personlegdom prega av karakter-
styrke.
7. Dei første industrileiarane var leiarar på alle
område. Deira ord var lov. O. G. Kvernland hadde
også lensmannsmyndighet og han var religiøs
leiar.

Jærbanen vart åpna i 1878, og var 75 km lang. Det var stor skepsis i byrjinga, men jærbuen var ikkje sein om å nytta banen. Jæren tok då steget heilt over i handelsjordbruksverket. Den jærske tenkjemåten blei tidleg retta inn mot produktiviteten, sjølv om ordet var ukjent den gongen.

*Jærbuen kunne livberga seg på same jordareal som trøngst til tun på ein austlandsk storgard, og liv-
berga seg etter forholda godt.*


2. periode:

Nye gründarar kjem til. Utviklingstida er igang.
F. A. Underhaug kom frå Jondal i Hardanger og byrja i 1896 ved Kvernelands Fabrik. Han drøymde om å starta for seg sjølv, og førebudde seg godt. I 1906 kjøpte han gamle Nærø Meieri og planene blei sett ut i livet i 1907. Han var nå blitt gift med eldste dotter til O. G., Martha. Miljøet på Kverneland intereserte han, og han var der i 10 år. Nå var han blitt jærbu!

Det første større industritiltaket på Bryne kom i 1895 med Jæderens Uldvarefabrikker a/s som dreiv stort i mange år og drog til seg arbeidsfolk frå heile Jæren.

Jæderens Meieri blei danna i 1898 ved samanslåing av to meieri.

I 1912 kom Kristoffer og Jens Hetland frå Ogna til



O.G. Kverneland viser fram ein eigenprodusert veghøvel.

* Ambolten, Kverneland a/s.

Bryne og grunnla Brødr. Hetland. Denne bedrifta kom seinare til å bli leiande innen ferdighusproduksjon og utstyr til fiskemjøl- og oljeindustrien.

Same året blei Erlands Maskin grunnlagt, både med brusfabrikk og handelsverksemder. Seinare blei firmaet ein viktig produsent av landbruksmaskiner.

Det som sette ennå meir fart på utviklinga var elektrisk kraft som kom til Time i 1915. Her var også O. G. Kverneland ein av dei drivande personane bak El-verksutbyggjinga.

Den elektriske krafta gav grunnlag for overgang til industri, nye maskinar kunne tas i bruk og produksjonen kunne aukast.

Etterspurnaden steig etter kvart som dei økonomiske tilhøva betra seg, og det blei stadig større marknad for fabrikklagte redskaper. Importen auka, og den som kunne selja billegast fekk størst salg. Dette var ein lov ingen kunne koma utanom. Serigstad, Kverneland, Underhaug og andre forstod at dei måtte leggje om, med meir maskinar, for å auka produksjonen og halda prisane på eit konkuransedyktig

nivå. Kampen om markedet var begynt. Ein trond med meir kapital, og aksjeselskapsforma var nødvendig for å få med drivkrefter med ny kapital i tillegg til gründeren sin basis i teknologi, kunnskap og skaparkraft. Kvernelands Fabrik a/s blei aksjeselskap i 1894.

I Kleppekrossen forstod sentrale personar også at det var nødvendig med industrialisering av smia til Ole Kyllingstad. I 1918 blei Kyllingstad Plog og Maskinfabrik a/s teikna med 250.000,- i aksjekapital.

Jobbetid og spekulasjonsfeber herja landet fra 1914–1920. Som eit bilet på den spekulasjonsfeberen som herja i denne perioden kan me sjå på antal bankar i regionen:

Me hadde 119 aksjebanker i 1914 og
200 aksjebanker i 1918 i landet vårt.

Men i 1920 åra opplevde mange, både industribedrifter og bankar, sviktande omsetjing og inntjenning. Dei som då ikkje hadde god eigenkapital og hadde lagt til side overskota, bukka under. Alle sleit tungt i denne tida.

3. periode: Depresjon og krig

I bymiljøa blei ein meir politisk bevisst, og me ser heilt andre trekk i utviklinga enn på Jæren. Streikar, arbeidsløyse og därlege sosiale kår auka avstanden mellom arbeidarrørsle og bedriftseigarane. Me fekk ei periodisk revolusjonær arbeiderrørsle i landet.

På bakgrunn av det sosiale og kulturelle miljøet vårt, var *samarbeid* mellom arbeid og kapital på Jæren viktigare enn konflikt i denne vanskelege tida. Under den store lock-outen i 1931 sveiv hjula på Bryne, sjølv om me også her hadde stor arbeidsløyse.

Jæderens Uldvarefabriker

Thime Station Jæderen.



Varekatalog frå Jæderens Uldvarefabrik.

* Serigstad a/s.

Me hadde eit skilje mellom bedriftseigarar og arbeidarar, men det var mentalt ikkje så stort. Fagrørsla blei heller ikkje starta her før i 1925.

Ingen plass møter ein sterkare trong til å ha sitt eige å putla med, endå om det er lite. *Likevel er samhald mellom menneske ingen plass meir levande. Samfunnet legg medansvar på alle.*

Jæren er landet som utviklinga smilte til. Jærbuen

oppfatta smilet og la sterke og villige armar til.

Me har ei god historie om soknepresten i Time som kom kjørande i karjolen sin rundt i soknet. Han stoppa då han fekk sjå ein bonde som stod og spadde og dyrka jorda si. «Ja her har jammen Vårherre og du fått et fint utkomme,» sa presten. «Åja», sa bonden, «men du sko sitt det såg inkje rart ut då han stelte áleina».



Nytt bruk i Hetland (nå Stavanger) i 1911 og same bruket i 1939.

* Sletten: Fram stig Rogaland. Stavanger 1943.



I denne vanskelege tida var det utruleg nok personar som starta ny industri. Personar med same karaktertrekk som pionerane. Trygve Kverneland starta bedrifta i 1930 då han overtok heimesmia etter far sin, Tønnes. Bedrifta vaks jamt og trutt og er idag kjent som TKS, ein moderne industribedrift.

Nils Underhaug var ein annan gründer, og etablerte Trallefabrikken i 1941 i det gamle lokalet der Serigstad hadde drive støyperi tidlegare. Røter i jordbruksmiljøet, kunnskapar innan mekanisk industri, oppvaksen i verkstaden på Nærbø, i etablerarmiljøet og med same karaktertrekk som opphavet. Han fekk også med seg heile tralleproduksjonen frå Nærbø.

Norge var okkupert, og det var mangel på det meste. Stor fantasi, og teknisk kunnskap kompenserte mykje av mangelen. Og Nils var oppvaksen med det å vera *nøktern*, det gjaldt å leggje tilside midler for å bygge opp eigenkapital.

Viss me ser på den utviklingsperioden Jæren og deler av landet vårt nå har vore igjennom, er det ein revolusjon i historisk perspektiv.

Plogen har avløyst arden og spaden. Horvå kom i mange nye variantar, bl.a. for å molda inn husdyrgjødsel i jorda. Radsåmaskinen har avløyst den nærmast heilage handlinga som breisåing for hand var. Treskjemaskinen avløyser tusten. At store bruk kunne ta i bruk dyr ny redskap er forståelig, men at småbruk der prisen på ein slåmaskin, kr 290,-, ved århundreskiftet måtte dekkjast av heile salgsverdien på mjølka frå 5 kyr i eit år (1100–1200 ltr/år pr. ku, 5 øre pr. 1 gjer 5 kyr brutto) det er vanskelegare å forstå! Men dei såg at det var naudsynt å leggja om, tenkja nytt, og prioritere det som kunne gje ei betre framtid. Haldninga var at det var viktigare med ei stor og moderne løe enn med stort våningshus. Samtidig kan me og sjå korleis dei to grunnpelarane i det jærske næringslivet, jordbruk og industri, utfyller kvarandre og stimulerar kvarandre. Idear kjem frå praktiske folk, og nye produkt blir testa på gardane til praktiske og kritiske folk, med ekstreme påkjenninger i steinriket.

«Den som vil det litla forsmå, skal ikkje det store få».

Me kan tenkja på den markedskontakten som dette miljøet utvikla. Samtidig ser me også store forskjellar igjen mellom vår region og andre. I dei fleste byane i landet vårt utvikla industrien seg og hadde stor bruk for arbeidskraft. Denne arbeidskrafta var ofte landsfolk som måtte bryta opp frå miljøet sitt og flytta til eit ofte framandt og trist bytilvære. Samspelet mellom industri og jordbruk på Jæren var at industribedrifter vaks fram langs heile jærbanen, og dermed trong ein ikkje rive opp folk frå miljøa dei treivst i. Eg trur dette i alle år har vore ein sterkt medverkande årsak til framgangen for jærindustrien. *Trivsel og tryggleik er svært viktige faktorar i bedriftsutviklinga.*

Det grodde fram mange busetnader av småhus med hagebyar, og folk fekk økonomisk støtte frå bedrifta. Nokre kjøpte sågar inn heile gardsareal for å ha nok jord til tomter for tilsette framover, og alle blei stimulerte med lån av utstyr frå bedrifta samt dugnadsinnsats.

Verdinormene var kjende for alle, og derfor var det også lett å rekruttera folk inn i bedriftene.

Det blei sagt om jærbuen for 50-60 år sidan at «han var sterk, klok og sikker i all sin beskjedne stillferdigheit».

Det me må kunna konstatera er at me kanskje av og til framstiller oss sjølve som meir blyge og stillferdige enn me verkeleg er. Vår industri hadde ikkje kome så langt då.

Men me har ei produksjonsgleda på Jæren som er eventyrlig. Ikkje for å kunne bli rikast muleg og så nytte eit søtt luksusliv i sus og dus. Nei, det ligg ikkje for jærbuen. Men for å utvikla konkurranseskraft, foredla bruket i sin generasjon og tenkja framover. *Denne ånda er felles i industri og gardsdrift.*

4. periode: Etterkrigstid og vekst

5 tunge år sette sitt preg på folket vårt, og glede var kolossal i maidagane då fridomen igjen var eit faktum. Ideala i 1945 var baserte på ansvar for felleskapet og oppbygging av landet.

Tida fram til byrjinga av 50-åra blei i forretningsterminologi populært kalla «mangelåra». Alt var mangelvare, ikkje bare ferdige produkt, men råvarer, maskinar og andre produksjonsmidlar. Stor fantasi og kreativitet kompenserte ofte for mangelen. «Nød lærer naken kvinne å spinne» heiter det gamle ordtaket. Det måtte ofte surrogater og nye oppfinningar til.

Først då Marshall-hjelpa gjennom OEEC byrja å virke og liberaliseringspolitikken blei eit faktum, kom også Golstrømmen, som sjefsdirektør Erik Brofoss i Norges Bank uttrykte det, til næringslivet. Vekstfilosofien prega industriutviklinga i fleire ti-år frå 1950, og ville ein ha ord på seg for å vera ein levedyktig bedrift, måtte ein i denne perioden kunne oppvise vekst. Samtidig var markedstilhøva takknemlige for vekst. Etterspurnaden var heile tida større enn produksjonskapasiteten.

I ein av stasjonsbyane sør på Jæren var det ein snikkar som skulle bli heidra for lang og tru teneste i firmaet. I talen skulle bedriftsleiaren verkeleg uttrykkja jubilanten sin store innsats med desse orda: «Så mange år he du arbeidd her i bedrifta, at viss me hadde sett adle dei trappene du he snikra oppå kvær andre, ville dei nådd liga inn i himmelen». Jubilanten tykte det blei vel mykje skrøyd, så han gav fylgjande replikk: «Nåja, dæ va nå helste kjedlartrappe æg stelte mæ».

Kunnskap og evne til å utvikla og omstilla seg skulle nå framover bli viktig. Det tradisjonelle læremönsteret var ikkje lenger tilpassa tida, og skulle me få lokal arbeidskraft med rett kompetanse måtte sku-

letilbodet utvidast. Bryne hadde alt frå tidleg på 1900-talet eit akta landsgymnas. Nå kom yrkesskule, handelsskule, kveldsskuletilbod, kurstilbod, meieriskule samtidig med at den tekniske utdanninga blei trappa opp i Stavanger. For dei fleste var også læringsystemet svært viktig for å utvikla folk i bedriftskulturen og på denne måten få dei samspelte på laget.

5. periode: Omstilling og internasjonalisering

Vekstfilosofien stilte nye krav til industri og jordbruk. Dyrkinga måtte intensiverast. Skjærpeplogen såg dagens lys på Nærø. Brøyten blei utvikla av Ingebret Søyland som dreiv snekerverkstad og Kristian som hadde teknisk utdanning.

Traktoren gjorde sitt inntog på gardane, og første Brøyt for grøftegraving på Jæren kom rundt 1950, i et utrangert hønsehus. Nokre år seinare kom Brøyt X2, ein revolusjon også i internasjonal sammenheng. Nå gjekk det raskt for Brødr. Søyland og Brøyt, og dei første maskinane blei eksporterte i byrjinga av 60-åra. Den norske heimemarknaden var for liten, og produktet hadde eit stort potensial.

Kverneland begynte sine eksportframstøyt i midten av 50-åra. Høysvansen var utgangspunktet, men det blei plogen som slo igjennom.

O. G. (Ola) Kverneland far til O. G. (Bastian) budde i telt på sine første turar som eksportør. Noko å tenkja på når ein sjekkar inn på eit luksushotell idag.

Nye idear blei importerte, fôrhaustaren. For denne revolusjonerande idéen var markedet heime så stort at sjølv om Serigstad starta eksport blei denne strategien endra då ein ikkje klarte å levera nok i Norge. Det gjaldt då å byggja opp sin profil så sterkt at ein kunne halda importen under kontroll, og det var eit tillitvekkjande firmanavn som stod bak.

Kvalitet var som alltid konkurransefaktor nr. 1, og Serigstad vidareutvikla systemet til eit suverent prinsipp i konkurransen. Mens andre kjørte ned graset før dei hausta, konstruerte Serigstad ein sidemontert maskin med «patentbeskyttelse». Markedsandelen idag på 60-65 % vitnar om tillit.

Kvífor ikkje starta ein aktiv eksportstrategi? Jau, ein gjorde det i tillegg på andre produkt, men leiinga ville ikkje la bedrifta vekse for fort, og dei ville sjølve ha styringa og kontrollen. Oppbygging av soliditet/eigenkapital, og likviditetsfridom vart høgst prioritert, og hadde tidlegare vist seg heilt nødvendig for å klara seg gjennom dei vanskelege tidene som kunne koma. Ein kan gjerne seie at ein ikkje ville eksponera seg for stor risiko.


Ein jærbu er ein arbeidsmann og ein demokrat, seig, uthaldande, praktisk og jordnær, men likefullt med fantasi og høgtflygande planer. Men svært viktig er også omtanke for sine ansatte.

Forvetne på det nye, ja det har me sett heilt sidan min oldefar på Serigstad og gamle O. G. si pionértid. Tenk så på Gunnar Block Watne og hans høgtflygande planer. «Mannen er galen», var det mange som både sa og tenkte i byrjinga. Men skeptikarane skulle som så ofte før få feil. Heldigvis!

Tenk at ein betydelig del av norsk ferdighusproduksjon skulle koma frå trefattige Jæren. *Leiing er å ha draumar som ein maktar å dele med andre.*

Samarbeidsånd og arbeidsdeling, økonomiske prinsipp for felles fordeler og markedskreftenes spel. Samarbeid gjer sterkt, heiter det. Dette har jærindustrien i stor grad nytta seg av.

Første ordre til vårt støyperi i 1915 var frå vår kollega Kverneland, og andre ordre stod Underhaug for. Og alt i 1932 etablerte ein *RL, Redskapsfabrikkenes Landslag*, der dei fleste medlemmane var jærbedrif-



Ein Skjærpe-plog.

ter. Her var dei enige om prispolitikk, samtidig såg ein kor viktig ein sterkare spesialisering og variantavgrensning var. På denne måten blei det bare 2–3 bedrifter som produserte same type produkt, mens alle laga alt tidlegare. Samarbeidet utvikla seg i ei ånd der alle respekterte kvarandre sine suksessprodukt utan å kopiera dei, og denne spesialiseringa i RL-avtalen er mykje av årsaka til den dominerande stillinga bedriftene seinare har fått.

Jæren Automasjonsselskap var også ein samarbeidsidé frå 50-åra. Ei ny tid var på veg inn i produksjonslivet, automasjonsalderen.

Leiarane på Jæren forstod at dette var viktig, dette gjaldt dei. Nils Underhaug og far, Johan Erland, var blant entusiastane som glødde for dette, og grunnlaget var enkelt og greit at dem kunnskap og kompetanse som skulle til kunne ein nytta i mange bedrifter. Det var for dyrt å ha slike ressursar i kvar bedrift.

I tillegg var problema ofte likearta frå den eine bedrifta til den andre, og då var det ikkje nødvendig å finna opp hjulet mange gonger. I tillegg blei det arrangert kurs, konferanser, ekskursjonar, foredrag osv. Ein stor fordel med mange såkalla *synergi-effektar*.

Industrisuksessen Trallfa Robot var eit prosjekt frå 1964 då JAS skulle automatisera lakkeringslakkinga i Trallefabrikken.

På Jærdagen 1966 blei «Ole» presentert der han med skjelvande hånd rissa opp eit ansikt på eit teiknebrett. Men den var ikkje klar til produksjonsoppgaver før i -67. «Alt har sin tid», heiter det i Predikernes bok, «og ei tid er det satt for kvart foretagende under himmelen».

TESA er avløyser for JAS og har endra arbeidsområdet til fellesskapet. Jærtek supplerer også TESA i dette arbeidet.

Kva var så basis for den store framgangen og veksten me har opplevd på Jæren, og som ikkje bare er spesiell i landssammenheng men også i internasjonalt perspektiv?

Det er til sjuande og sist ikkje eit lands naturrikdomar som er det avgjerande for kva slags kår folket skal arbeida seg fram til. I langt sterkare grad kjem det an på den kapital folket eig i seg sjølv. Folket med sitt seige slit, med sine evner til godt og vondt vant over naturen og av og til over seg sjølv.

*Nærhet, respekt og ansvar var og er nøkkelverdier.
Åpenheten, den opne dørs politikk, vennskapet og
kameratskapet.*

«Opp til arbeid, opp til strid dertil hev me fått vår tid» sa Anders Hovden.

Dersom me relaterer jærbedriftene til kva suksess-



Forhaustaren frå Serigstad.

* Serigstad a/s.

bedrifter generelt har felles:

- Handlingsevne. Pionérane og grunnleggjarane.
- Enkle system og små staber.
- Nær kundekontakt. Jærisk jordbruk.
- Produktivitetsvekst gjennom menneske.
- Desentralisering for å fremme nyskapning.

- Verdiorientering.
- «Hald deg til det du kan best».
- Laus/stram styring.

Langt samarbeid og kjennskap gjorde at folk i bedrifta visste korleis strategen og sjefen tenkte. *Det blei jo kommunisert dagleg.*

Fra hovedtillitsmann hjå Jonas Øglænd a/s til 75-års jubileet:

«Vi hilser vårt firma idag
og ønsker tillykke med dagen
at sjef og arbeider trekker i lag
det er for bedriften støtt hovedsaken.
Tiden har vist oss klart etter måten
sjefer og arbeidere er i samme båten».

«Alle har gjort slik som bestefar gjorde på Jæren» sa Sjur Svaboe. Nei, ikkje alle. Då hadde me framleis vore agrrarar. Men ansvaret for fedrenes arv var og er tungt. Odelsretten har ein lang tradisjon i vårt miljø, men idag ser ein både det sterke og svake med den, og er åpen som alltid for nye løysningar.

Imidlertid er det ikkje grobotn for den type spekulantar me har opplevd, og som Olav Underhaug beteikna med perioden: «Inn, vinn og forsvinn!» Både i vårt jærske miljø såvel som i andre treng me ei vekking av og til, og det har me også lange tradisjonar for. Men vekkinga må ha rot i at me må tilbake til verdinormene som legg grunnlaget for verdiskapninga. *Før me kan nyta må me yta.* Samtidig må me vera klar over den utviklinga som skjer når ikkje

lenger eigaren eller eigarane er knytta til bedrifta.

Idag blir det derfor krevd ein rasjonell økonomisk handlemåte for å kunna betjena kapitalsida tilfredsstillande. Først då er det interessant å sitja som langsiktig industrialist og investor. Og langsiktig perspektiv må me ha, skal me utvikla oss. Samtidig har me i historia sett at rasjonell og økonomisk tenking også gjev knoppskyting frå industrimiljøet, og miljøet er svært viktig. Markedsmiljøet, produksjonsmiljøet, det internasjonale, kort sagt industrimiljøet.

Eit meiningsfylt tilvære, tryggleik og samarbeid med andre menneske er grunnleggjande behov. For mange er også krevande utfordringar eit behov. La desse elementa, idag som for 100 år siden, få utfolda seg med mennesket i sentrum, med ærekjensle og ansvar, produksjonsglede, omstillingsevne og mulighet for industriell satsing i et langsiktig perspektiv.

Me snakkar altså om både haldninga og kunnskap som nøkkelen til ny vekst, ny satsing og nye eventyr. Me finn ferske eksempel på Jæren idag.

La oss derfor tru at *motet* til Erling Skjalgson sine trælar, at *viljestyrken* til Leif Erikson, son til Eirik Raude som var jærbu og at *klokskapen* til Astrid Kongsmor frå Obrestad, mor til Olav Tryggvason, fortsatt gjer seg gjeldande i karaktertrekka til jærbuen.

«Det stig av hav eit alveland» skreiv Garborg.